

-KUNNGJERING -

Søknad om løyve til å byggje 4 småkraftverk, og opprusting og utviding av eit kraftverk i Fyresdal kommune. To av kraftverka har planlagt regulering i høvesvis Kviteseid og Åmli kommunar.

NVE har motteke søknad frå Bergesåi kraftverk (SUS), Soks kraftverk AS og Bindøl kraft (SUS) om løyve til å byggje 4 småkraftverk i Fyresdal kommune. Soks kraftverk AS søker om opprusting og utviding av eksisterande Soks kraftverk. Søknadane skal handsamast samstundes. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men også fleire saker samla der dette er naturleg.

Søknad	Søkjar	Installert effekt (MW)	Produksjon (GWh)
Bergesåi kraftverk	Bergesåi kraftverk (SUS)	3,5	10
Steinvassåne kraftverk	Soks kraftverk AS	0,5	1,6
Soks kraftverk (O/U)	Soks kraftverk AS	1,6	5,8
Bindøl kraftverk	Bindøl kraft (SUS)	1,7	4,2
Bjørnstadåi kraftverk	Småkraft AS	2,1	4,8

Søknadane med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn i resepsjonen i Fyresdal kommune og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Søknadane som gjeld Kviteseid og Åmli kommunar er lagt ut til offentleg ettersyn i resepsjonen i desse kommunane. Papirutgåva av søknadane kan ein få ved å kontakta søkerane. Fråsegn kan sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker, per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo innan **25.08.2017**.